



# Årsmelding og rekneskap 2000

Ivar Aasen-tunet  
Dei Nynorske Festspela

# Innhold

<b>1. Organisasjon</b>	<b>3</b>		
1.1 Råd	3	3.13 Informasjon	15
1.2 Styre	4	3.14 Nettstad	16
1.3 Administrasjon	5	3.15 Adminstrasjon	16
1.4 Rekneskap og revisjon	5	3.16 Prisar og utmerkingar	16
1.5 Brukargruppa	5		
1.6 Opningskomité	6		
1.7 Representasjon	6		
1.8 Medlemsskap	6		
<b>2. Mål og strategi</b>	<b>7</b>		
2.1 Arbeidsmål	7	<b>4. Økonomi og miljø</b>	<b>17</b>
2.2 Strategi	7	4.1 Resultatrekneskap	17
2.3 Museum og opplevelingssenter	8	4.2 Investeringstilskott	18
2.4 Festivalar og kulturhusnettverk	8	4.3 Uteamfi	18
2.5 Nynorsk skriftkultur	9	4.4 Sponsoravtalar	18
<b>3. Verksemd</b>	<b>10</b>	4.5 Arbeidsmiljø	18
3.1 Resultat	10	4.6 Ytre miljø	19
3.2 Statlege kulturinstitusjonar	10	4.7 Vidare drift	19
3.3 Besök	11		
3.4 Bygg og anlegg	11		
3.5 Dokumentasjon og fagleg arbeid		<b>5. Disponering av resultat</b>	<b>19</b>
12			
3.6 Foredrag og publikasjonar	12		
3.7 Samlingane	12	<b>Resultatrekneskap</b>	<b>20</b>
3.8 Basis- og temautstillingar	13		
3.9 Opningshøgtid	14	<b>Balanse</b>	<b>21</b>
3.10 Dei Nynorske Festspela	14		
3.11 Haustprogram	15	<b>Notar</b>	<b>23</b>
3.12 Kafé og butikk	15		
		<b>Revisjonsmelding</b>	<b>25</b>
		<b>Vedlegg</b>	<b>26</b>
		Samla publikumstal	2000

# 1. Organisasjon

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stiftinga med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv den nye nasjonale kulturinstitusjonen Ivar Aasen-tunet, eit dokumentasjons- og opplevingscenter for nynorsk skriftkultur, som blei opna 22.6.2000, og festivalen Dei Nynorske Festspela.

## 1.1 Råd

20 stiftarar stod bak Nynorsk kultursentrum frå skipinga i 1993 fram til opninga i 2000. Ein av stiftarane var Ivar Aasen-museet. Denne institusjonen blei oppløyst ved opninga, og det er difor 19 stiftarar att.

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

- Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
- Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje bindande pålegg til styret.
- Oppnemne to styremedlemmer med varamedlemmer til styret i Nynorsk kultursentrum.
- Gjere framlegg til revisor i Nynorsk kultursentrum.

Stiftinga Dei Nynorske Festspela blei avvikla pr 1.2.2000. Tre oppgåver for rådet fall då bort:

- Oppnemne fire medlemmer til styret i denne stiftinga.
- Peike ut leiar og nestleiar for to år om gongen i stiftinga.
- Oppnemne revisor for stiftinga.

Kvar stiftar oppnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Rådet hadde desse medlemmene i 2000 (varamedlemmer i parentes):

### *Kommunar og fylkeskommunar*

- Hordaland fylkeskommune: Magnar Lussand (Mali Grete N. Aksnes)
- Møre og Romsdal fylkeskommune: Jan Magne Dahle (Aud Folkestad)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune: Liv Stave/Else Kristine Husabø (Bernt Kr Holtan/Lidvin M. Osland)
- Volda kommune: Gunnar Strøm (Ingeborg Lyngnes Dahle)
- Ørsta kommune: Ola Perry Saure (Thor Nordang)

### *Forsknings- og utdanningsinstitusjonar*

- Høgskulen i Volda: Odd Monsson (Sveinung Vaage), Torbjørn Urke (Bjarte Alme)

- Møreforsking: Johan Barstad (Reidun Høydal)
- Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (Olav Aasen)
- Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet: Ola Stemshaug (Gunnar Foss)
- Universitetet i Bergen: Oddvar Nes (Jan Oldervoll)
- Universitetet i Oslo: Dagfinn Worren (Eldbjørg Fosseng)
- Universitetet i Tromsø: Eirik Liland (varamedlem ikkje oppnemnd)

#### *Kulturinstitusjonar*

- Det Norske Samlaget: Jostein Nerbøvik (Eli Fiskvik)
- Det Norske Teatret: Ola E. Bø (Kristin Eikli)
- Ivar Aasen-museet (til 22.6.2000): Jens Kåre Engeset (Borghild Aasen Lødemel)
- Sunnmøre Museum: Edvard Molvær (Gunvor Krogsæter/Solveig Linge Stakkestad)

#### *Målrorsle*

- Noregs Mållag: Kristian I. Hanto (Jan Olav Fretland)
- Noregs Ungdomslag: Hallvard Julseth (Randulf Bakken)
- Landssamanslutninga av nynorskkommunar: Arnfinn Vigrestad (Magne Rommetveit)
- Vestmannalaget: Jostein Krokvik/Svein E. Kvamsdal (Svein E. Kvamsdal/Kjell Inge Bjørke)

Ordførar i rådet var Kristian I. Hanto (vald i 1999 for to år), og Ottar Grepstad var sekretær. Revisor var Arvid Hovden.

Rådet hadde eitt møte og handsama i alt 10 saker. Den viktigaste saka var idétenking om det faglege og publikumsretta arbeidet i Ivar Aasen-tunet.

#### 1.2 Styre

Styret i Nynorsk kultursentrum har sju medlemmer med personlege varamedlemmer. Ein av dei sju medlemmene blir vald av dei tilsette. Desse sat i styret i 2000 (personlege varamedlemmer i parentes):

#### *Oppnemnde av Kulturdepartementet*

*1998 – 2001*

- Narve Bjørgo, Bergen, leiar (Arvid Blindheim, Molde)
- Kristine Landmark, Ålesund (Aagot Gammersvik, Utne)

*2000 – 2003*

- Geir Atle Ersland, Bergen (Jens Kåre Engeset, Ørsta, observatør med møterett)
- Olaug Husabø, Tromsø (Per Olav Kaldestad, Stord)

#### *Valde av rådet (1999 – 2000)*

- Kari Bjørke, Oslo, nestleiar (Bente Vatne, Ørsta)

- Jostein Nerbøvik, Volda (Jan Olav Fretland, Lærdal)

*Vald av dei tilsette (2000 – 2001)*

- Torgeir Dimmen (Kirsti Langstøy)

Fagkonsulent og utstillingsprodusent John Aage Gjestrum møtte på alle styremøta til og med september. Rådsordførar Kristian Hanto møtte som observatør.

Styret hadde 5 møte og handsama i alt 78 saker. Dei viktigaste sakene var tilsetjingar, etablering av driftsorganisasjonen, opning av institusjonen og profil for den vidare drifta.

### 1.3 Administrasjon

I 2000 har desse vore fast tilsette i Nynorsk kultursentrums:

- Informasjonsleiar Torgeir Dimmen (frå 1.5)
- Direktør Ottar Grepstad
- Formidlingsleiar Eirik Helleve
- Driftsleiar Knut-Johann Jørgensen (frå 1.12)
- Bibliotekar Kirsti Langstøy (frå 1.5)
- Programansvarleg Gunn Marit Lid (frå 21.2)
- Tunvert Ingrid I. Opdal, 80 % (frå 1.6)
- Kjøkkenleiar Randi Saure, 70 % (frå 15.7)
- Administrasjonssekretær Annvor Ullaland
- Driftsleiar Ivar Aasen (20.3 – 1.10)

Desse har vore deltidstilsette:

- Milan Ilic, kokk (avløysar)
- Marianne Lundanes, sommarvikar 19.6 – 20.8
- Anne-Mette Myklebust, ekstrahjelp (frå 1.10)
- Marit Neergaard, sommarvikar 19.6 – 20.8
- Janne Karin Støylen, sommarvikar 19.6 – 20.8, avløysar 25 % (frå 26.8)
- Bodil Vinjevoll, ekstrahjelp (frå 1.10)

For kortare tidsrom har desse vore ekstrahjelper: Andreas Fiskå, Jan Frode Håskjold, Janne Kristin Lid, Ingvil Viddal Nes, Susanne Øy Tennfjord.

Deltidstilsette utførte om lag 1900 timeverk i 2000.

### 1.4 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var statsautorisert revisor Arvid Hovden.

### 1.5 Brukargruppa

Arbeidet i brukargruppa heldt fram til gruppa blei oppløyst ved opninga 22.6.2000. Gruppa hadde det faglege ansvaret for utstillingane og investeringane i inventar og

utstyr under føresetnad av nært samråd og arbeidsdeling med administrasjonen, mens direktøren hadde det økonomiske ansvaret. Gruppa hadde 2 møte og handsama 14 saker. Dei viktigaste sakene var basisutstillingane og uteområdet.

I brukargruppa var desse med:

- Jostein Nerbøvik, Volda, leiar
- Ola E. Bø, Oslo, nestleiar
- Liv Hilde Boe, Oslo
- Jan Magne Dahle, Ørsta
- Jens Kåre Engeset, Ørsta
- Jan Olav Fretland, Lærdal
- Ottar Grepstad, Volda

Sekretær for gruppa var John Aage Gjestrum, Toten. Det er gjort avtale om overlevering av dokumentasjon og arkivmateriale innan 1.6.2001.

### 1.6 Opningskomité

Styret delegerte til direktøren hausten 1999 å skipe ein opningskomité leia av direktøren. Komiteen skulle utarbeide eit samla program for opningshøgtida 22. juni. I praksis kom komiteen også til å arbeide med delar av programmet for Dei Nynorske Festspela. Komiteen hadde 3 møte. Desse var med:

- Ottar Grepstad, Volda, leiar
- Ola E. Bø, Oslo
- Jan Magne Dahle, Ørsta
- Margit Walsø, Oslo

Programansvarleg Gunn Marit Lid kom med i arbeidet i sluttfasen.

### 1.7 Representasjon

Ottar Grepstad representerer Nynorsk kultursentrum i Nynorsk Forum, eit samarbeidsorgan for nynorsktiltak som blei skipa i 1997. Grepstad leier forumsarbeidet.

Nynorsk kultursentrum oppnemnde Sigrid Bø Grønstøl som representant i fagrådet for Ivar Aasen-instituttet for perioden 2000 – 2002.

### 1.8 Medlemskap

Nynorsk kultursentrum blei i 2000 medlem av desse institusjonane:

- BIBSYS
- Norges museumsforbund
- Norsk KulturhusNettverk (NKN)
- UNINETT

## **2. Mål og strategi**

### **2.1 Arbeidsmål**

Det overordna målet for treårsperioden 2001–2003 er å sikre den nasjonale kulturinstitusjonen lokalt fotfeste, nasjonal tyngd og internasjonale nettverk.

Ivar Aasen-tunet skal vere ein offentleg arena for norsk og nynorsk kultur i alle former, vend mot breie og ulike målgrupper, og hovudarena for Dei Nynorske Festspela. Aasen-tunet skal bli ein institusjon som

- a) gjer det lettare å vere nynorskbrukar,
- b) gjer nynorskbrukarane stolte av språket sitt,
- c) styrker den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane, og
- d) skaper større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur.

Dei Nynorske Festspela er ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfattarane, den gode musikken og dei uventa bileta, og ei brei kulturtildeling for å fremje den nynorske skriftkulturen. Det overordna målet for treårsperioden 2001–2003 er å endre og fornye festspela ved å sikre dei lokalt fotfeste, nasjonal tyngd og internasjonale nettverk. Åra 2000 – 2002 utgjer ein fornyingsfase for festivalen. Frå 2003 reknar vi med å gå over i ein fase med moderat ekspansjon.

Nynorsk kultursentrum arbeider for ei allmenn styrking av nynorsk skriftkultur, utvikling av moderne museumsfunksjonar i eit IKT-basert dokumentasjonssenter, og drift av eit allsidig kulturbygg med eit omfattande kulturprogram:

- Dokumentasjon og fagleg arbeid
- Utstillingar
- Formidling
- Arrangement
- Kafé, butikk og utleige

Dette føreset eit målretta samspel mellom museums-, utstillings-, språkfagleg, kulturfagleg og publikumsorientert kompetanse.

Ivar Aasen-instituttet vil vere ein viktig fagleg samarbeidspart for Nynorsk kultursentrum. Partane har utforma ein samarbeidsavtale for åra 2000 og 2001.

Nynorsk kultursentrum vil gjere Aasen-tunet til ein sentral stad i Garborgåret 2001 og Det europeiske språkåret 2001.

### **2.2 Strategi**

Åra 1999 – 2002 utgjer oppbyggingsfasen for den nasjonale kulturinstitusjonen Ivar Aasen-tunet. I denne fasen effektuerer vi det vedtaket Stortinget gjorde hausten 1995. Frå 2003 reknar vi med å gå over i ein konsolideringsfase.

Ivar Aasen-tunet er eit moderne museum med svart vide dokumentasjons- og formidlingsoppgåver, og ein arena for viktige hendingar, tiltak og

kunstopplevingar innanfor nynorsk skriftkultur. Nynorsk kultursentrum bør vere førstevalet for planlegging og organisering av nynorske markeringsår.

Institusjonen ber i seg dei viktigaste fellestrekka for museum, arkiv, bibliotek:

- Forvalting av materiale som informasjons- og kjeldegrunnlag
- Systematisk dokumentasjon
- Utoverretta informasjonsbehandling
- Sterke og til dels formelle bindingar til utdanning og forsking
- Brukarorientert formidling ut frå folkeopply�ingsideologien

Ein del av arbeidet kan følgje dei langsiktige prioriteringane, men vi er også budde til å ta opp eller gå inn i aktuelle saker som inneber at tidlegare prioriteringar må endrast.

Nynorsk kultursentrum vil spele ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi vil vere ein aktør i den norske offentlegeita både sentralt, regionalt og lokalt, og på vår måte kritisk og konstruktivt vere med og styrke den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Staten kan på si side ikkje påleggje institusjonen å gjennomføre bestemte tiltak innanfor norsk språkpolitikk. Derimot kan og vil Nynorsk kultursentrum stille sin kompetanse til rådvelde for tiltak som kan styrke nynorsk skriftkultur.

### 2.3 Museum og opplevingssenter

Nynorsk kultursentrum vil utvikle Ivar Aasen-tunet gjennom samarbeid med andre museum og opplevingssenter. Dette samarbeidet vil bli konsentrert om

- Andre nasjonale kulturinstitusjonar
- Lokale og regionale museum
- Museum og kulturinstitusjonar med tilknyting til nynorsk skriftkultur
- Litterære museum i Norden
- Kulturinstitusjonar for språk og/eller litteratur i andre land

Eit særleg samarbeid vil bli utvikla med kulturinstitusjonar der Sverre Fehn har vore arkitekt.

### 2.4 Festivalar og kulturhusnettverk

Nynorsk kultursentrum vil utvikle Dei Nynorske Festspela gjennom samarbeid med andre festivalar, både på Nordvestlandet og i andre delar av landet. Etter kvart blir dette nettverket utvida til andre land. Dei fleste norske festivalane er musikkfestivalar, og for ein litteratur- og musikkfestival som Dei Nynorske Festspela er det difor viktig å søkje samarbeid som kan vere til nytte for begge partar.

Gjennom Norsk kulturhusnettverk får Nynorsk kultursentrum høve til å utvikle kontaktar med kulturhus landet rundt og samarbeide om enkeltarrangement.

## 2.5 Nynorsk skriftkultur

Den nynorske skriftkulturen er under press, men står likevel sterkt både institusjonelt og praktisk. Nynorsk kultursentrum legg difor vekt på å ta initiativ som kan prege utviklinga av nynorsk skriftkultur og den praktiske situasjonen for nynorskbrukarane.

Institusjonane si rolle endrar seg i samfunnet, men vi kjem ikkje bort frå at det trengst tunge, institusjonelle reformer også i framtida. Berre institusjonar med nynorsk skriftkultur som øyremerkt oppgåve vil systematisk følgje opp dei språk- og kulturpolitiske forpliktingane over tid og styrke denne skriftkulturen. Desse reformene må særleg ta sikte på å halde ved like og styrke bruken av nynorsk i dei såkalla kjerneområda, slik at nynorsken kan halde på det fotfestet den har fått.

Det blei meir offentleg merksemrd omkring nynorsk skriftkultur i 2000 enn året før. Ein vesentleg grunn til dette var dei initiativa som kom frå ulikt hald i minst fem fylkeskommunar om å gå bort frå den obligatoriske, skriftlege *sidemålsundervisninga i vidaregåande skule*. Størst merksemrd fekk eit byrådsvedtak i Oslo i august om noko som til sist blei eit ønske om ei avgrensa prøveordning, der søknad til Kyrkle-, utdannings- og forskingsdepartementet ikkje blei send i meldingsåret. Noregs Mållag arbeider godt med både denne og mange andre viktige målpolitiske spørsmål for tida, og har i gang eit større utgreiingsarbeid om språk, kultur og makt under tittelen *Målreising 2005*.

I regi av Nynorsk Forum blei Aksjon nynorsk data gjennomført i 2000. Målet var å få fram behovet for *programware på nynorsk* og peike på gode tiltak for å få dette til. Aksjonen greidde å løfte saka opp på den politiske dagsorden, bl.a. i form av eit opprop som over hundre ordførarar signerte. Arbeidet blir ført vidare i 2001 på ulike måtar, og er døme på at nynorsktiltaka gjennom Nynorsk Forum kan oppnå meir enn tidlegare.

Som ein del av eit budsjettforlik mellom Arbeidarpartiet og sentrumspartia blei budsjettet for Kulturdepartementet bl.a. auka med 0,9 mill kr i starttilskot for ein *nynorsk barnebokklubb* som Det Norske Samlaget vil setje i gang.

Mens utviklinga på mange måtar var positiv for både Samlaget og Det Norske Teatret, er marginane framleis små for medietiltak som Dag og Tid og Nynorsk Pressekontor. For desse to institusjonane har dei offentlege løyvingane lenge stått stille.

Utfordringane for nynorsk skriftkultur er mange. I dei komande åra ser vi desse oppgåvene som dei viktigaste i arbeidet for å styrke nynorsk skriftkultur:

- Språkleg jamstelling i praksis innanfor informasjonsteknologien
- Nynorsk som bruksspråk for ungdom på Internett
- Betre sidemålsundervisning på nynorsk
- Elektronisk oppslagsverk på nynorsk
- Standard-dokument for forvaltning og næringsliv

## **3. Verksemد**

### **3.1 Resultat**

2000 var det viktige opningsåret for Ivar Aasen-tunet, og gav institusjonen ein start ein knapt kunne våge å håpe på. Det momentum opninga og festspela utgjorde, blei utnytta effektivt og målretta gjennom eit ambisiøst haustprogram som viste kor allsidig den nye kulturinstitusjonen kan arbeide. I alt stod Nynorsk kultursentrum for 82 arrangement. Om lag 500 utøvarar var involverte i desse tilstellingane.

Nynorsk kultursentrum nådde målet om å ha 8 fast tilsette på plass før opninga. Overfor styresmaktene la stiftinga stor vekt på at den vidare opptrappinga av statleg løyving til institusjonen måte gjere det mogleg å fylle dei resterande 2 – 3 stillingane i 2001. Statstilskotet for 2001 blei akseptabelt, men på langt nær nok til å nå dette målet. Kulturdepartementet har likevel signalisert vilje til å prioritere institusjonen høgt.

Parallelt med planlegging og gjennomføring av arrangement blei svært mange administrative rutinar fastsette. Dette har vist kor viktig det er å tilpasse aktiviteten til den samla kapasiteten, og slik at det etter kvart blir grunnlag for endå meir fagleg arbeid.

Dei stramme økonomiske rammene måtte haldast utan å gå på akkord med kvalitetskrava for alle sider av drifta. Dette skapte sine vanskar, og det var umogleg å nå alle måla som blei sett.

Alt i opningsåret ser det ut til at Ivar Aasen-tunet greidde å vinne den lokale arenaen så langt ein slik arena kan vinnast, slik at meir merksemd no kan rettast mot det nasjonale og internasjonale.

Styret la i arbeidet sitt stor vekt på å utøve sin kontrollfunksjon, forvalte det overordna strategiske arbeidet, deleger avgjerdsmynde i enkeltsaker til administrasjon og brukargruppe, leggje grunnlaget for å gjere den nye institusjonen til ein god arbeidsplass, fremje målretta langtidsplanlegging, og sikre gode allmenne rammevilkår for verksemda.

### **3.2 Statlege kulturinstitusjonar**

Nynorsk kultursentrum er ein av 16 nasjonale kulturinstitusjonar der staten dekkjer heile det offentlege driftstilskotet. I 2000 fekk desse 16 institusjonane eit samla statleg tilskot på 135,4 mill kr. Av dette gjekk 3,4 % til Nynorsk kultursentrum. Den samla løyvinga auka med 12,5 % frå 1999.

I 1999 gjesta 1 040 000 personane desse institusjonane. Det var 7000 færre enn året før.

Nynorsk kultursentrum er den einaste nasjonale kulturinstitusjonen i Møre og Romsdal. Musea i fylket rapporterte om eit samla besøk på 108 000 i 1999. Av dette var 58 000 betalande. Ved dei 22 musea som rapporterte for 1999, var det 40 årsverk i faste stillingar. På fylkesnivå blir såleis Nynorsk kultursentrum ein stor institusjon.

### 3.3 Besøk

Nynorsk kultursentrum hadde 19 200 gjester i opningsåret. Dette var 17 % over budsjettet på 16 370 gjester.

Opningsdagen var om lag 2000 gjester innom Ivar Aasen-tunet. Dei Nynorske Festspela hadde eit samla besøk på 5100 personar. I sommarsesongen sett under eitt var besøkstalet 12 800. Haustmånadene gjesta 6400 personar Aasen-tunet. Dette utgjorde 34 % av samla besøk i 2000.

11 000 såg utstillingane, mens 6500 var til stades ved opne arrangement. I tillegg var 1700 med på lukka tilstellingar.

Like viktig som godt besøk er kvalitet, innhald, service og det utbyttet publikum har av tilbodet. Difor legg Nynorsk kultursentrum stor vekt på å måle eige arbeid både kvantitativt og kvalitativt. Publikumstal åleine seier lite om fagleg kvalitet og langtidsverknad. Særleg viktig er dette for ein institusjon som Ivar Aasen-tunet, som har teke mål av seg til å gjere det lettare å vere nynorskbrukar. Mange av arrangementa i opningsåret ville ikkje blitt til utan Aasen-tunet, og det har frå første stund vore lagt vekt på at tilstellingane skal ha tunets særeigne vri. Det kunstnarlege nivået på tilstellingane var jamt over høgt. Både enkeltarrangement og frå arbeidet med basis- og temautstillingar får ein gjenbruksverdi gjennom det vidare faglege arbeidet.

Ei publikumsundersøking frå juli – august viste at 8 av 10 gjester var frå andre kommunar enn Ørsta eller Volda, at 4 av 10 var bokmålsbrukarar og at 6 av 10 var kvinner. Aldersfordelinga var jamnare enn ein kunne vente. Frå alle fylke i landet kom det gjester til Aasen-tunet den første sommaren. Undersøkinga viste også at publikum var svært godt nøgde med utbyttet av besøket både når det gjaldt bygg, utstillingar og service.

### 3.4 Bygg og anlegg

Nynorsk kultursentrum rår over 5 bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet.

Framdriftsplanen for nybygget føresette ferdig bygg 1.3. Av ulike grunnar blei det uråd å halde denne planen. Taket på nybygget blei tett 24.3. Det blei halde overtakingsforretning på kontordelen i underetasjen 6.4, og på resten av bygget medio mai. Byggherre var Statsbygg og hovudentreprenør Veidekke. Nynorsk kultursentrum hadde også i 2000 jamleg og god kontakt med arkitekt, byggherre og hovudentreprenør. Samarbeidet var prega av vilje til å finne føremålstenlege løysingar innanfor stramme budsjetttrammer. Samla byggjekostnader utanom utstilling, inventar og utstyr kom på 43,8 mill kr.

Statsbygg sin landskapsarkitekt la i februar fram ein samla plan for uteområdet. Planen blei drøfta på eit større møte 3.5, der nødvendige tiltak blei prioriterte.

Etter avtale frå 1999 var Statsbygg byggherre for eit nytt uteamfi, teikna av arkitekten. Nynorsk kultursentrum stod sjølv ansvarleg for kostnadene. Det blei halde overtakingsforretning for uteamfiet 15.6.

Vegstasjonen i Ørsta sette i juni opp nye vegskilt i samsvar med våre ønske.

### 3.5 Dokumentasjon og fagleg arbeid

Etter initiativ frå Nynorsk kultursentrum og i nært samarbeid med administrasjonen laga Oddgeir Bruaset ved NRK Møre og Romsdal ein ny og betre versjon av dokumentarfilmen om Ivar Aasens liv og verk som blei sendt hausten 1996. Filmen *Ivar Aasen* er på 21 min, og finst i både norsk og engelsk versjon. Vi har kjøpt einderett til å vise denne filmen for publikum i 5 år.

For skuleverket blei det utarbeidd programtilbod for alle klassesteg frå barnehage til 3. klasse i vidaregåande. Programtilbodet omfatta 14 ulike opplegg, som blei presenterte i katalogen *Skuleprogram 2000 – 2001*.

Nynorsk kultursentrum har gjort avtale med redaksjonen i *Norsk Ordbok* om levering av korte, spesialskrivne ordboksartiklar til nettstaden. Artiklane blir lagde ut to gonger i veke frå september 2000.

Nynorsk kultursentrum gjorde 30.11 avtale med biblioteket ved Høgskulen i Volda om fagleg samarbeid som gjeld registrering av bøker og skrifter i BIBSYS. Avtalen gjeld for perioden 2000 – 2002.

Gjennom året svarte administrasjonen på ei rekke spørsmål frå publikum. I april blei det innført ein 48-timars garanti for svar på slike spørsmål via e-post.

Administrasjonen tok opp fleire aktuelle saker :

- Pressemelding om elevaksjonen for nynorske lærermiddel.
- Brev til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet om tiltak for å betre sidemålsundervisninga.
- Aktiv deltaking i debatten om sidemålsstilen som blussa opp hausten 2000.

### 3.6 Foredrag og publikasjonar

Ottar Grepstad: *Den store nynorske sitatboka. Norsk kulturhistorie gjennom 800 sitat*.

Oslo: Det Norske Samlaget 2000

- : Kor viktig er Aasen-tunet? Kronikk, *Sunnmørsposten* 3.1.
  - : Nynorsk er meir enn eit språk. Kronikk, *Aftenposten* 4.3.
  - : Sidemålsstilens historie og kulturelle rolle i framtida. Foredrag på seminaret *Sidemålet på sidelinja?*, arrangert av Landslaget for norskundervisning 24.10.
  - : Ivar Aasen-tunet: ein skriftkultur i handfast betong. *Voldaminne 2000*
  - : Ivar Aasen-tunet: eit kulturpolitisk underverk. *Språknytt* 4/2000
- Eirik Helleve: New Old Words. The Struggle for Norway's Nynorsk Language. *The World & I*, November 2000 (Washington D.C.)

### 3.7 Samlingane

Samlingane inneholdt ved inngangen til meldingsåret 16 900 gjenstandar. Så godt som alt dette var kulturhistoriske gjenstandar i form av trykte skrifter, arkivmateriale, elektroniske media og tradisjonelle gjenstandar. Dei viktigaste delane av samlingane var desse:

- Aasen-samlinga på 225 gjenstandar og 2400 skrifter

- Djupedal-samlinga på om lag 14 000 bøker og skrifter
- Slapgard-samlinga på om lag 250 band
- Engesets artikkelsamling og klipparkiv

I samband med opninga fekk Nynorsk kultursentrum 59 gåver og helsingar, bl.a. om lag 1000 bøker frå Det Norske Samlaget og 218 originale Aasen-manuskrift frå Djupedal-familien. Kunstverk og ein del andre gåver er plasserte i publikumsdelen av nybygget. Under ei enkel tilstelling i samband med styremøte 12.9 blei desse to førsteutgåvene overrekte:

- Ivar Aasen: *Symra*, 1863, frå Bjørn Martin Aasen
- Ivar Aasen: *Ervingen*, 1855, frå Jens Kåre Engeset

Med dette eig Nynorsk kultursentrum alle dei 19 førsteutgåvene av Aasens skrifter.

Til biblioteket blei det i 2000 kjøpt inn 185 bøker og skrifter og abonnert på 20 tidsskrift. Frå lokale bibliotek fekk Nynorsk kultursentrum om lag 200 bøker og ei rekke tidsskriftårgangar.

Nynorsk kultursentrum gjorde 21.9 avtale med Sivert Aarflot-museet om deponering av Aarflot-arkivet i Ivar Aasen-tunet, i første omgang fram til 2005. Arkivet omfattar 43 kassettar med godt over 2000 originaldokument. Blant desse er mange originalbrev frå Ivar Aasen.

Gjennom året auka såleis dei kulturhistoriske samlingane med om lag 3800 einingar, mens talet på kunsthistoriske gjenstandar blei dobla til 26. Ei samling av fotografi blei bygd opp, førebels med ein grunnstamme på 400 digitale foto. Ved årsskiftet tel samlingane totalt om lag 21 100 gjenstandar.

### 3.8 Basis- og temautstillingar

Basisutstillinga i nybygget har hatt Sverre Fehn som utstillingsarkitekt og John Aage Gjestrum som -produsent. Utstillinga har fått tittelen *Ei utstilling om nynorsk skriftkultur* og byggjer på ein utstillingsplan som brukargruppa vedtok hausten 1999. Mange underleverandørar og medarbeidarar var i intenst arbeid dei siste fjorten dagane for å få dei viktigaste delane av utstillinga på plass til opningsdagen.

Basisutstillinga blei ferdigstilt vinteren 2001.

Basisutstillinga har fem hovudelement: a) Ivar Aasens liv og verk, b) Talespråk og skriftspråk i globalt perspektiv, c) Framveksten av nynorsk skriftkultur gjennom skule, song og massemedia, d) Enkeltforfattarar og andre brukarar av nynorsk, og e) Språkverkstad med det interaktive dataspelet Dialektspelet. Dei fleste delane av basisutstillinga er bygde opp av modular som kan skiftast ut. Berre a) og delvis b) kan reknast som permanent utstilling.

Fleksibiliteten i basisutstillinga gjer det mogleg å utvikle temautstillingar innanfor denne heilskapen. I opningsåret presenterte vi tre slike temautstillingar:

- Festspeldiktaren *Rune Belsvik*: 22.6 – 19.11.
- Temautstillinga *Nynorske frimerke 1951 – 2000*: 22.6 – 15.8, med Ørsta filatelistklubb som arrangør.

- *Songen om kysten*: 19.11.2000 – 23.1.2001. Utstillinga presenterte livet langs havkanten slik det er skildra i song, poesi og prosa, og markerte avslutninga av Museumsstafetten 2000 på Sunnmøre i høve Det maritime året 2000.

Kvar einaste dag er det noko nytt i basisutstillinga. Det gjer at basisutstillinga lever meir i si samtid enn mange slike utstillingar plar gjere. Eit viktig innslag er aktualitetshylla. Der blei desse 7 forfattarane presenterte i 2000:

- Olav H. Hauge (dagbøker med omtalar): 3.9 – 12.9
- Alfred Hauge: 13.9 – 19.10
- Marie Takvam: 22.9 – 19.10
- Tarjei Vesaas: 20.10 – 16.11
- Torvald Sund: 17.11 – 23.1.2001
- Bragepris-vinnarane Rune Belsvik og Eldrid Lunden: 7.12 – 23.1.2001

Vi presenterte desse 4 kunst- og biletutstillingane i Galleriet:

- Nils G. Taklo: 3.9 – 24.11
- Volda i nær og fjern fortid: 8.11 – 22.11
- Vakre julebord: 26.11 – 2.12
- Małgorzata Piotrowska: 3.12 – 20.12

### 3.9 Opningshøgtid

Statsråd Ellen Horn stod for den offisielle opninga av Aasen-tunet ved ei opningshøgtid i uteamfiet torsdag 22.6. Om lag 500 personar var til stades ved høgtida. Av desse var 140 inviterte gjester – blant dei arkitekt Sverre Fehn, Statsbygg-direktør Tormod Urdahl, leiaren for kulturkomiteen på Stortinget, May-Helen Molvær Grimstad, og leiaren i Noregs Mållag, Oddmund L. Hoel. Opningshøgtida var ein brei presentasjon av nynorsk skriftkultur under tittelen ”Då nynorsken kom til verda”. Eit tingingsverk, allsongen ”Fang sommarens ange i natt” med tekst av Edvard Hoem og melodi av Henning Sommerro, blei urframført, og Narve Bjørgo heldt programtalen.

Seinare på dagen var 150 inviterte gjester til stades ved festmiddag på Møre Folkehøgskule. Om kvelden var det gåvefest og nattsete i nybygget, der Salen blei teken i bruk for første gong.

Det blei avvikla 5 arrangement opningsdagen. Frå svært mange kantar har det kome mykje ros, og mediedekninga var god.

### 3.10 Dei Nynorske Festspela

Nynorsk kultursentrum tok over alt ansvar for festspela då Stiftinga Dei Nynorske Festspela blei avvikla 1.2.2000.

Festspela blei for første gong arrangert midtsommars og over færre dagar: 23. – 26.6. Dette gav eit svært fortetta program med til saman 43 tilstellingar og 300 utøvarar. Rune Belsvik var festspeldiktar, Steffen Kverneland festspelkunstnar, og Sverre Fehn heldt Ivar Aasen-minneforedraget. Gruppa Tango for tre heldt

opningskonserten, Edvard Hoem stod for opningstalen og Berge Furre var stemnetalar under det avsluttande Aasen-stemnet i uteamfiet.

Omlegginga viste seg å vere vellykka på alle vesentlege punkt. Nitid planlegging og solid gjennomføring gav festspela eit nødvendig løft. Rekneskapen for festspela viser eit overskot på 100 000 kr. Dette er det største overskotet nokon gong sidan dei første festspela blei skipa til i 1992. Det er likevel sannsynleg at det økonomiske resultatet vil variere også i åra som kjem, då festivalar er usikker verksemd.

### 3.11 Haustprogram

For å innarbeide Aasen-tunet som ein vane og vise breidda av kulturtilbodet ein slik institusjon opnar for, gjorde Nynorsk kultursentrum onsdag og søndag til faste arrangementsdagar i haustsesongen.

Det blei avvikla 34 eigne arrangement i haustsesongen frå og med 3.9 til og med 2.12, medrekna feiringa av Ivar Aasens fødselsdag 5.8, som truleg blir eit fast årleg innslag. I tillegg stod eksterne arrangørar for 8 opne kulturarrangement i Aasen-tunet. Om lag 200 utøvarar var i aksjon i Aasen-tunet denne hausten.

Vinteren 2000 inviterte Nynorsk kultursentrum alle lag og organisasjonar i Ørsta og Volda til ulike informasjonsmøte. Dette viste att både i oppslutninga om festspela, på arrangørsida så vel som publikumssida, og ikkje minst med dei mange utleigearrangamenta hausten 2000. Heile 69 grupper, lag, bedrifter og institusjonar tinga servering, omvising og/eller lokale til møte, kurs og seminar hausten 2000.

### 3.12 Kafé og butikk

Kafeen og butikken er skilde ut som eigne avdelingar i rekneskapen.

Utover sommaren fekk Aasen-tunet ry for god mat i kafeen. Dette satsa vi mykje på å halde ved like utover hausten. Etter kvart vil det også vere mogleg å integrere kafeen endå meir i det samla kulturprogrammet. Ørsta kommune gav 19.9 allminneleg skjenkeløyve fram til 1.7.2004 for servering av øl og vin etter kl. 18.00, og brennevin i slutta lag.

Tilbodet i butikken blei konsentrert om bøker og andre trykksaker, postkort, litterære kunstplakatar og t-skjorter. Det gamle varelageret frå festspela var skrive ned til null, men viste seg å ha eit visst salspotensiale under nye rammevilkår. Sal av bøker i samband med arrangement ser ut til å ha eit visst potensiale.

### 3.13 Informasjon

Styret vedtok hovudtrekk i ein informasjonsplan 2000 – 2002 på møte 6.4. Det viktigaste var å makte å ta unna og følgje opp den veksande medieinteressa utover våren fram mot opninga, og formidle mest mogleg positivt nytt omkring nybygget og planane, og på den måten halde fram arbeidet frå 1999 med å snu den lokale skepsisen til velvilje. Delar av profilprogrammet blei presentert i april og teke i bruk seinare på våren. Det samla programmet er ferdig februar 2001.

Hausten kom faste informasjonsrutinar på plass, med pressemeldingar og annonsar i forkant av alle arrangement. Det blei også sendt ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål. I alt sende Nynorsk kultursentrum ut 48 pressemeldingar i 2000.

På initiativ frå fylkesmannen i Møre og Romsdal laga Justisdepartementet i mars ei utgreiing om tilhøvet til offentlegheitslova for enkelte kulturinstitusjonar, blant dei Nynorsk kultursentrum. Både departement og fylkesmann kom til at lova ikkje gjeld for Nynorsk kultursentrum. Administrasjonen har likevel praktisert open informasjon og svart på alle dei spørsmåla som har kome.

Det blei sendt ut tre nummer av meldingsbladet *Symra* i eit samla opplag på 24 000 eksemplar. Nummer med oversyn over festspel- og haustprogramma blei spreidde til alle husstandane i Ørsta og Volda.

### 3.14 Nettstad

Nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) blei opna provisorisk 26.4. Tidleg i juni var ein utvida versjon klar. 9000 gjesta nettstaden i 2000.

Det samla informasjonspresset i høve opninga, festspela og haustprogrammet førte til at det var for lite tid til å halde vedlike og vidareutvikle nettstaden. Men nettstaden har fått ein grunnstruktur som gjer det mogleg å presentere store mengder ulik informasjon, og på den måten integrere Internett i det samla dokumentasjonsarbeidet.

### 3.15 Administrasjon

Nynorsk kultursentrum tok i mars initiativ til ein omfattande samarbeidsavtale med Høgskulen i Volda. Avtalen vil vere på plass vinteren 2001 og omfattar både teknisk og fagleg samarbeid. Ein del av avtalen er datateknisk samarbeid. Dette inneber at Ivar Aasen-tunet er knytt til datanettverket ved Høgskulen i Volda med 2 MB breiband, og gjennom avtale med UNINETT har tilgjenge til det felles høgskule- og universitetsnettverket. Datasambandet var operativt frå 30.5.

Administrasjonen etablerte mange rutinar gjennom driftsåret, både slike som er lovpålagde og slike som er nødvendige for effektiv drift. Basisrutinane for drift av tunet er samla i dokumentet *ABC for vakthavarande*. Også dei nødvendige rutinane for fakturering og handsaming av bilag er på plass. Nynorsk kultursentrum tok frå første arrangement i bruk eigen standardkontrakt for alle utøvarar.

Etter synfaring gav brannmeisteren i Ørsta løyve til å bruke Salen med 110 sitjeplassar og 40 ståplassar. Styret vedtok den første sikringsplanen for tunet 7.2. Formidlingsleiar Eirik Helleve deltok på kurset ”Brann på museet” i regi av Norges museumsforbund.

### 3.16 Prisar og utmerkingar

Nynorsk kultursentrum oppretta i 2000 prisen *Årets nynorskbrukar*. Prisen skal gå til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktisk arbeid

gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Styret i Nynorsk kultursentrum er jury for prisen.

Prisen for 2000 gjekk til høgsterettsdommar Karl Arne Utgård, Hamar, for hans målretta arbeid for meir bruk av nynorsk i norsk rettsvesen. Prisen var 25 000 kr og eit grafisk blad, og blei overrekt under opningshøgtida 22.6.

Under Betongdagene 2000 i Kristiansand 26.10 blei Ivar Aasen-tunet v/Statsbygg, Veidekke og arkitekt Sverre Fehn tildelt Betongtavla 2000 for framifrå byggjekunst i betong. Det er andre gongen eit bygg teikna av Sverre Fehn får denne utmerkinga.

## **4. Økonomi og miljø**

### **4.1 Resultatrekneskap**

Nynorsk kultursentrum hadde i 2000 ei omsetning på 6,2 mill kr. I tillegg forvalta stiftinga investeringsprosjekt knytt til nybygget og uteamfiet som dette året var på 8,3 mill kr. Eigeninntektene i resultatrekneskapen utgjorde heile 27 % i 2000, men denne prosentdelen vil gå ned i ordinære driftsår. Årsoverskotet etter finansinntekter var på 18 000 kr.

Dei kritiske suksessfaktorane i 2000 var desse:

- Storleiken på det statlege driftstilskottet.
- Storleiken av eigeninntekter.
- Kostnadsstyring både for drift og investeringar.
- Planlegginga av opning og drift.
- Tilsettjing av mange nye medarbeidarar.

Etter tett politisk arbeid fekk Nynorsk kultursentrum til slutt eit statstilskot frå Kulturdepartementet for 2000 som var til å leve med. Det gjorde det mogleg å byggje opp det minimum av stab som måtte til for at institusjonen skulle få ein nødvendig positiv start.

Det var vanskeleg å budsjettere for eit ukjent opningsår. I resultatrekneskapen blei både inntekter og utgifter 7 % høgare enn budsjettet. Først frå og med 2002 blir det mogleg å utarbeide driftsbudsjett med eit nokolunde empirisk grunnlag. Ved at Nynorsk kultursentrum sjølv tok ansvaret for drifta av kafeen, auka eigeninntektene, men også kostnadene i høve til budsjettet.

Dei styringsreiskapane som blei etablerte i 1999, blei utvikla vidare i 2000. I eit slikt opningsår er det likevel mangt det er uråd å økonomistyre fullt ut av di erfaringstal manglar. Det blei såleis nødvendig å kjøpe ein del dyre løysingar for å bli ferdig til opninga og gi publikum det tilbodet som dei burde få frå dag 1.

## 4.2 Investeringstilskott

Nynorsk kultursentrum fekk i 1999 etter eige initiativ råderetten over 8,4 mill kr av byggjebudsjettet frå Kulturdepartementet. Summen skulle dekkje investeringane i basisutstillingar, inventar og utstyr. 1,4 mill kr blei disponerte i 1999, resten i 2000.

I 2000 ytte Norsk kulturråd eit tilskot på 390 000 kr til tverrkunstnarleg utsmykking i Ivar Aasen-tunet. Denne summen blei brukt til å finansiere det såkalla Språkrommet i basisutstillinga, med presentasjon av skriftteikn og talespråk frå ulike delar av verda, i regi av Arne Nordheim (lyd), Ole Lislerud (skriftteikn) og Sverre Fehn. Norsk museumsutvikling ytte eit tilskot på 32 000 kr til sikring av dei eldre husa i tunet.

Departementet hadde ingen merknader til dei rapporteringsrutinane og styringsverktøya styret vedtok hausten 1999. Presset på kostnadsrammene auka kraftig utover vinteren og våren. Stram økonomistyring, liten organisasjon med mange leverandørar og aktørar, og eit sterkt tidspress gjorde at dei samla investeringskostnadene blei 2 % høgare enn tilskottsrammene. Denne summen blir avskrivne på vanleg måte.

## 4.3 Uteamfi

I samsvar med avtale med byggeren Statsbygg stod eit nytt uteamfi, teikna av professor arkitekt MNAL Sverre Fehn, ferdig til opninga 22.6.2000. Mens budsjettet for uteamfiet var på 2,1 mill kr, kom sluttrekninga på 1,2 mill kr. Kostnadsreduksjonen på over 40 % kom av romsleg budsjettering og medvite arbeid for å redusere kostnadene undervegs i byggjeprosessen.

Tusenårsskiftet Norge 2000 og Norsk kulturråd har til saman ytt 1,1 mill kr i tilskott til bygging av uteamfiet. Resten er finansiert gjennom sponsoravtalar.

## 4.4 Sponsoravtalar

Nynorsk kultursentrum gjorde hausten 1999 avtale med Norsk Plan Nynett v/Einar Schibevaag om arbeid med å skaffe sponsoravtalar. Dette arbeidet gav eit svært godt resultat i 2000: avtalar med 3 hovudsponsorar og 6 andre sponsorar.

Dei tre hovudsponsorane er Sunnmørsposten, Widerøe og Ørsta Stål.

Dei andre sponsorane er Dag og Tid, Landslaget for lokalavisar, Møre-Nytt, Møre og Romsdal Fylkesbåtar, Sparebanken Volda Ørsta og Tussa Kraft.

Avtalane gjeld for åra 2000 – 2002 og har ein samla bruttoverdi på nær 2,1 mill kr.

## 4.5 Arbeidsmiljø

Nynorsk kultursentrum leigde kontor ved Høgskulen i Volda til administrasjonen flytta inn i nybygget 29.5. Så godt som alle romma i nybygget kunne då takast i bruk. Kontormøblane er teikna av arkitekten.

Det blei gjort tilsetjingar i 5 faste stillingar og 6 vikariat og engasjement i 2000. Til desse stillingane kom det 163 søknader. Ivar Aasen-tunet har framstått som ein attraktiv arbeidsplass for kompetente søkerar til alle stillingane.

Tida rundt opninga kravde mykje av både fast tilsette og dei mange ekstrahjelpene. Som ei påskjøning etter det harde arbeidspresset fram mot opningsdagane fekk alle tilsette to ekstra fridagar.

Det samla sjukefråværet for fast tilsette var 17 arbeidsdagar. Dette utgjer 10 promille av den samla arbeidstida for fast tilsette i rekneskapsåret, mot 7 promille i 1999.

Tilsette har saman med nokre andre skipa bedriftsfotballaget Ervingane, som spelar i bedriftsserien i Volda.

Det har ikkje vore nokon skader eller ulykker i meldingsperioden.

#### 4.6 Ytre miljø

Verksemda til Nynorsk kultursentrum er vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda har ikkje skadd eller påverka det ytre miljøet i 2000. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir. Nynorsk kultursentrum har i 2000 ikkje levert produkt som kan skape noko miljøproblem.

#### 4.7 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på kr 220 000. Denne kapitalen står urort på renteberande konto i Volda og Ørsta Sparebank.

Likviditeten har vore tilfredsstillande.

Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2000.

## 5. Disponering av resultat

Årsoverskotet på kr 17 721 går til å dekkje tidlegare udekt underskot. Stiftinga har ved årsskiftet ein eigenkapital på kr 219 616,30.

*Hovdebygda, 31. desember 2000/10. mai 2001*

Narve Bjørgo, *leiar*

Kari Bjørke

Geir Atle Ersland

Olaug Husabø

Kristine Landmark

Jostein Nerbøvik

Ottar Grepstad, *direktør*